

 Naturvernforbundet

#1 - 2019 • 42. årgang

Magasin for medlemmer i
Naturvernforbundet Hordaland

kr 50,-

NaturVest



Streik for
framtida 4-5

Lys og mørke 10-11

Ta vare på
insekta 14-17



Foto: Hans Jørgen Brun

La oss stanse Hordfast, det er nok motorveier nå.

TEKST

GABRIEL FLIFLET

Vårt åpne øy- og fjordlandskap blir aldri det samme. En støyende asfaltslange skal legge seg over Os, Tysnes, Stord og Sveio, over urørt natur og kulturlandskap. Det er ikke til å komme forbi: En motorvei bygget for høy fart er og blir en brutal affære. Det som kommer i veien, må vike. Fylkesmannen slår fast at Hordfast er det største naturinngrepet noensinne i Hordaland. Vi i Naturvernforbundet Hordaland har engasjert oss sterkt i denne saken. I november gjorde vi felles sak med de regionale avdelingene av Norsk Lastebileierforbening og Transportarbeiderforbundet og lagde et opprop der vi sier at vi må droppe prestisjeprojektet Hordfast, og heller bruke pengene på bl.a. vedlikehold og sikring av veiene folk flest bruker.

Forkjemperne for Hordfast og firefelts E39 snakker om samfunnsnytte, men det blir lite samfunnsnytte når selve hovedtanken bak er riv ruskende gal; å lage et sammenhengende arbeidsmarked fra Bergen til Stavanger. For det betyr at flere skal reise mer, og reise lengre. Men mer reising og mer natur under asfalt er det siste naturen og klimaet trenger. Der asfalten rulles ut, mister planter og dyrearter livsrom. På Reksteren er uerstattelige regnskoger, kystmyrer og

sumpskoger truet. Endelausmarka i Os er ikke lenger endeløs, men valset ned av ny E39 mellom Rådal og Os. På Hordnes har de bygget et berg av fyllmassene fra tunellene. Engene i Rådalen ligger under grus. Vi tåler ikke mer av dette. Det som svekker naturgrunnet vårt, svekker også samfunnet vårt. Det er samfunns- unytte.

Mange tror at ny motorvei og Hordfast kommer uansett. Det stemmer ikke. Det er først når pengene for å igangsette bygging eventuelt blir bevilget på statsbudsjettet at det endelige vedtaket er tatt. Naturvernforbundet oppfordrer folk til å vise sin motstand, vi ber organisasjoner slutte seg til alliansen mellom naturvernere, lastebileiere og sjåførere. Bonde- og småbrukarlaget i Hordaland er blant dem som nå er kommet med, og vi vil ha mange fler!

Gabriel Fliflet

leder i Naturvernforbundet Hordaland

NaturVest er medlemsbladet til Naturvernforbundet Hordaland som gis ut to ganger i året.

Naturvernforbundet fremmer kunnskap og helhetlige, langsiktige løsninger på miljøproblemene. Vi er over 28 000 medlemmer i 100 lokallag med fylkeslag i alle fylker og hovedkontor i Oslo. Vi er en del av den verdensomspennende miljøvernorganisasjonen Friends of the Earth.

Fylkessekretær

Synnøve Kvamme

Redaktør

Øyvind Strømmen

Bidragstere

Gabriel Fliflet
Honoraria Bjerknes Hamre
Synnøve Kvamme
Tom Skauge
Vilja Helle Bøyum
Laura Sierakowska
Halvard Skjæveland

Annonseansvarlig

Sverre A. Stakkestad
sverre@gmk.as
Tlf. : 55 10 10 97

Layout

Adele Zine Marie Jaunn
ajaunn@hotmail.com

Trykk

A2G Grafisk AS

Opplag

2780

Framsida

Steinhumle (Bombus lapidarius), en av de 35 humleartene som er påvist i Norge. Her på et bilde fra Estland. Foto: Ivar Leidus. Under CC BY-SA 4.0-lisens.

NaturVest

v/Naturvernforbundet Hordaland
Bryggen 23, Jakobsfjorden 4. etasje
5003 Bergen

Tlf. 55 30 06 60
naturvest@naturvernforbundet.no
naturvernforbundet.no/hordaland

NaturVest oppfyller miljøkrav til papir, trykkfarge og trykkeprosess.

Papir: 100g Cyclus Offset 100% resirkulert

Se også www.svanemerket.no



INNHold

- 3 Kortnytt
- 4 Streik for framtida
- 6 Generasjon overkjørt
- 8 Utopia for realister
- 9 Kvanndalselva
- 10 Lys
- 14 Ikkje ta insekta for gitt
- 18 La humla suse
- 20 Eit forsvar for ungdommen



Bildet er fra den pågående vindkraftutbyggingen av Bjerkreim vindkraftverk i Rogaland og viser hvor omfattende veganlegg som kreves for montering av inntil 200 meter høye vindkraftturbiner. Foto: Sveinulf Vågene.

KORTNYTT

Frykter store naturødeleggelser

Denne vindkraftplanen risikerer å åpne norsk natur for et enormt arealinngrep. Store urørte natur- og friluftsområder kan bli rasert. Vi forventer en kraftig skjerping av miljøkravene som legges til grunn når myndighetene skal vurdere vindkraft.

Det sa Silje Ask Lundberg, leder i Naturvernforbundet, da Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) la frem sitt forslag til rammeplan for vindkraft på land til Olje- og energidepartementet 1. april. Planen identifiserer 13 områder som NVE mener er best egnet for vindkraft på land i Norge. Naturvernforbundet reagerer på den store nedbyggingen av naturområder særlig langs kysten og i fjellområder som planen åpner for.

– Planen kan føre til store konflikter. Da Stortinget ba om en plan for vindkraft, var meningen at det skulle det tas mer hensyn til natur

og at konsesjonssystemet skulle strammes inn, slik at konfliktene ble dempet. Vindkraftplanen legger opp til ødeleggelse av store, urørte og verdifulle natur- og friluftsområder. I tillegg kan reindriften og reiselivsnæringen bli hardt rammet, sier Ask Lundberg. Verden står overfor farlige klimaendringer, som truer natur og økosystemer. Naturvernforbundet mener likevel ikke at en massiv vindkraftutbygging i urørt natur er løsningen på klimakrisen.

– Klimaendringene og tapet av naturmangfold er to utfordringer som må løses i fellesskap. Vindkraften

er fornybar, men utgangspunktet for vindkraftutbygging på land må være mindre anlegg som legges i industrialiserte områder, langs etablerte infrastrukturnettverk og på andre arealer der naturverdiene allerede er sterkt forringet. Dagens naturrasering er skadelig for både klima og natur, sier Ask Lundberg.

Naturvernforbundet etterlyser nå en utredning av muligheter for mindre vindkraftanlegg på arealer der naturverdiene allerede er sterkt forringet.

Streik for framtida

Torsdag 14. mars møtte nærmare 4 000 elevar, studentar og lærarar opp på Torgallmenningen. Fredagen etter, 22. mars, streika 40 000 over heile landet. Midt i skuletida. Eller arbeidstida.

TEKST

VILJA HELLE BØYUM - LEIAR FOR HORDALAND NATUR OG UNGDOM

Kvifor? Fordi framtida vår står på spel. I årevis har eg, og mange andre, særleg i Natur og Ungdom, stått på for å informere politikarar om alvoret i klimaendringane.

Har det lukkast? Nei. Då hadde vi aldri stått der, midt i skuletida og ropt «regjeringa er veik, vi går ut i streik», eller «vi eier denne jord, ikke Shell og Equinor». Difor måtte vi altså gjere det i skuletida. Det finst dei som spør om vi ikkje kunne gjort det ein laurdag, eller ein ettermiddag. Kor mange gonger har ikkje vi demonstrert utanfor skuletida, uten å bli høyrd? Og sjå merksemda vi får no.

Regjeringa gjer mykje bra, og når vi konfronterer dei med krava våre, blir vi møtt med gode eksempel på desse gode tiltaka. Særleg innanfor transportsektoren har politikarane gjort mykje bra. Aldri har så mange køyrd el-bil som i dag, og skal vi redusere klimagassutsleppa er det heilt nausdynt. Likevel – det er ikkje nok som blir gjort. Skal vi nå Paris-måla må vi kutte 40% innan 2030, altså om 11 år. Og kor mange prosent har regjeringa lagt opp til i statsbudsjettet? Knappt 8%. Svart på

kvitt, regjeringa bryr seg ikkje så veldig om desse kutta, det grøne skiftet og framtida.

Kva har vi politikarar for? Det første prinsippet må vere å leggje til rette for vår framtid og våre behov. Det er vanskeleg for meg å skjønne korleis regjeringa gjer dette med deira flau 8%.

Eg tek det personleg

Dette tek eg personleg. Det er ikkje noko tvil om at klimaendringane vil få følgjer for framtida mi. I dag er eg 18 år, og framleis har eg ikkje kjent konsekvensane på kroppen. Men millionvis av offer for naturkatastrofar verda over har det. Klimatiltak handlar ikkje berre om rettferd overfor framtidige generasjonar, men òg rettferd overfor alle som lever i dag, og som ikkje har den samme tryggleiken som vi i Noreg har.

Nokre politikarar har skulda oss for å drive skremselspropaganda, dei seier at vi overdriv, klimaendringane er vel ikkje så farlege. Men jo, det er nok av eksempel på at klimaendringene tek liv. Dermed er klimaendringene utan tvil farlege, eg har vanskar for å skjønne

korleis nokon kan ha mot til å påstå at massedødsfall kan karakteriserast som «ikkje så farlege».

Den største utsleppskjelda vert freda

Kvifor skjer det ingen ting? Ein skulle tru at i ein slik situasjon som klimakrisa, så ville myndigheitene gjere alt som står i deira makt for å hindre dei verste konsekvensane. Men nei, dei gjer beskjedne tiltak for å kunne skryte til andre land om at vi gjer framsteg. I røynda gjer vi langt i frå nok. Grunnen til at vi ikkje gjer meir, er ei freding av debatten om den største utsleppskjelda av alle. Olja.

Det er klart at vi er uroa for velferdsstaten vår, og klart vi aktivistar skjønar det. Olja har vore eit eventyr, og vi har definitivt mykje å takke olja for. Noreg har fått oppleve å bli eit rikt land, eit attraktivt land. Vi har mykje pengar. Men no er oljeeventyret slutt. Fossile brensel er den største kjelda til klimagassutslepp, og dersom vi skal nå Paris-måla, må vi skjerpe oss. Regjeringa er opptekne av å setje mål som ikkje berre er ambisiøse, men òg realistiske.

Derfor må grunnen til at vi unnlèt klimahandling vere at det ikkje er realistisk. Men kva for orsak har dei for å kalle klimahandling urealistisk? Igjen skuldar eg på freding av olja. Viss det er så utenkjeleg å avvikle oljenæringa med dei standardane vi har i dag, så får vi heller revurdere standardane våre. For no er det snakk om liv og død.

Politikarane veit kva vi krev

Fleire politikarar har spurt om ikkje vi vil komme til fleire møte, dei vil invitere til «toppmøte» med ungdom for å høyre krava våre. Vi som i årevis har ropt krava våre på gata, skrive om dei i avisene, formidla dei på alle dei møta vi allereie har vore på med nettopp desse politikarane. Eg tek det personleg, som ei fornærming når eg no blir invitert på toppmøte for å fortelje politikarane kva vi unge krev. Politikarane veit kva vi krev.



Tusenvis av elevar deltok i klimastreiken, landet over.
Foto: Laura Sierakowska.

« Kor mange gonger har ikkje vi demonstrert utanfor skuletida, uten å bli høyrde? »

Vi skjønner at dei er redde for arbeidsplassane, ingen vil kaste heile grupper av arbeidarar ut i arbeidsløyse. Men vi er òg redde for arbeidsplassar. For dei fornybare arbeidsplassane. Ta Lofoten, Vesterålen og Senja. Eit oljeutslipp vil rasere fiskerinæringa. Ikkje kom her og sei at vi ikkje tenkjer på arbeidsplassar. I tillegg vil klimaendringane på sikt bety enorme utfordringar for norsk landbruk, i form av naturkatastrofar, flaum og tørke.

Sluttdato for oljenæringa

Det er naivt å tru at vi kan nytte godt av oljenæringa i mange tiår framover. Oljenæringa har arbeidsplassar vi helst ikkje vil tape, men om vi held fram med oljenæringa vil det resultere i mykje meir arbeidsløyse. Det er ikkje

rakettforsking. Vi må setje ein sluttdato for oljenæringa før oljenæringa set ein sluttdato for framtidens næringar.

Kom dykk på skulen, blir vi møtt med. Lærarar bør heller nytte undervisninga til å lære dei unge om klimaendringar, og om korleis dei kan påverke i politikken, vert det sagt.

Men her er det regjeringa som har skulka frå ansvara, ikkje vi. Her er det regjeringa som ikkje har følgd med i timen. Men vi har. Vi har lært at klimaendringane vil ta liv, for det vil dei. Vi har lært kva som må gjerast, og kjempar for desse tiltaka. Vi deltek på møte, vi skriv i avisene og møter politikarar.

At unge bryr seg om klima er ikkje nytt. For kvar rapport som kjem frå FN, veks bekymringa, og viljen til å gjere, og ofre noko. Når det framleis ikkje blir gjort noko, tek vi til gatene. I skuletida, for å provosere dei vaksne. Vi blir ignorerte når vi ikkje provoserer, derfor tyr vi til streik.

Kall det skulk, vi bryr oss ikkje. Gje oss fråvær, vi bryr oss ikkje. Vi bryr oss om framtida, det gjer tydelegvis ikkje regjeringa. Gje oss derimot klimatiltak og ein skikkeleg debatt. Det er det vi etterlyser.

Generasjon overkjørt

Brundtlandrapporten «vår felles framtid» fra 1987 hadde flere viktige budskap. Ett handlet om generasjonsetikk:

Vi må ivareta dagens behov uten å ødelegge kommende generasjoners mulighet for å dekke sine behov.

TEKST

TOM SKAUGE
NESTLEIAR I
NATURVERNFORBUNDET

Prinsippet er uendelig vakkert, men ikke like lett å bestemme i praksis. Klimakrisen er lett fordi fortsatte utslipp av klimagasser om en generasjon eller to kan rasere livsgrunnlaget for millioner av mennesker. Hva med andre tiltak? Boligbygging, motorveger, fjorddeponi som ødelegger naturverdier. Bilbasert infrastruktur og plasthav kan påvirke livsmønstre for mennesker i lang tid fremover.

En unødvendig og uklok overkjøring av kommende generasjoner ble lovprist av Bergens Tidende i deres lederartikkel 4. januar 2019. Avisen gav støtte til den kostbare og miljøødeleggende broen over Bjørnefjorden. Avisen gav tommelen opp for å forlenge bompengerperioden fra 15 til 40 år for prosjektet som har fått navnet Hordfast.

Lenger nedbetalingstid kamuflerer kostnadene

Motstanden mot broen har økt kraftig over flere år. I tillegg til enorme kostnader vil prosjektet rasere urskog på Tysnes og naturperler i Os. Men det siste året har Hordfast-forkjemperne fått en ny utfordring: Motstand mot bompenger har økt. Sentrale aktører rundt Hordfast har funnet en formel for å senke bompengerutgiftene ved hver passering. De enorme kostnadene skal bli mindre synlige ved å forlenge nedbetalingstiden.

Gjennom å vedta at gjelden skal fordeles over 40 år prøver nåværende generasjon av vegbyråkrater og lobbyister å skjule

Lån	Rente %	Avdragstid År	Rente samlet	Ekstrakostnader ved 40 års nedbetaling
25 mld	2	15	3848	
35 mld	2	15	4649	
35 mld	2	15	5817	
40 mld	2	15	6646	
25 mld	4	15	8158	
30 mld	4	15	9815	
35 mld	4	15	11464	
40 mld	4	15	13123	
25 mld	2	40	10903	7055
30 mld	2	40	13203	8554
35 mld	2	40	15504	9687
40 mld	2	40	17805	11159
25 mld	4	40	24911	16753
30 mld	4	40	29851	20036
35 mld	4	40	34816	23352
40 mld	4	40	39788	26665

kostnadene ved broen slik den blir synliggjort når passeringsavgiften treffer lommeboken for veifarende.

40 års nedbetalingstid kamuflerer kostnadene ved prosjektet og velter store utgifter over på neste generasjon. Dersom våre barn og barnebarn ønsker mindre veg, mer miljø, verdsette arts mangfold og klima, vil lang nedbetaling binde opp store penger som er vanskelig å flytte på seinere. Bare de ekstra renteutgiftene med en anleggspris på 40 mrd. kan komme på mer enn 25 mrd. kroner med 4 prosent kalkulasjonsrente og 25 ekstra år med nedbetaling.

Nedbetalingen over to generasjoner gir et demokratiunderskudd. To generasjoner må betale på et prosjekt de kanskje ikke ønsker. Dessuten er et viktig inntektsgrunnlag som bompenger

kan utgjøre, brukt opp i lang tid.

Dyrt og naturødeleggende

Truer forslaget om lang nedbetalingstid generasjonsetikken fra Brundtland-kommisjonen?

Etter mitt syn er svaret ja. Vi svekker det fremtidige handlingsrommet for våre barn og barnebarn i en skala som er uakseptabel. Broen blir vanvittig dyr, naturødeleggende og den svekker kommende generasjoners mulighet for å dekke sine behov for mulige miljøvennlige snuoperasjoner i fremtiden. Vi har gitt generasjon overkjørt den store klimakrisen. La oss ikke frata dem muligheten til å gjøre bedre valg enn vår generasjon gjorde.



Bli med og rydd en strand!



Hent gratis strandryddesekker på en av våre gjenvinningsstasjoner eller på BIRs hovedkontor på Minde og gjør en innsats for miljøet!

Fulle sekker leveres gratis til alle BIR sine gjenvinningsstasjoner. Etter avtale tar BIR også imot strandryddesekker på bossbiler i rute. Send en epost til bir@bir.no eller ring vårt kundesenter på tlf. 55 27 77 00 for å avtale henting av sekker.

Utopia for realister: Forfriskande og lettlesn

Kan me få meir fritid, kortare arbeidsveke og samtidig kutta klimagassutslepp? Eller er det ein utopi?

TEKST

SYNNØVE KVAMME

"Framsteg er realiseringa av utopiar" sa den irske forfattaren Oscar Wilde på 1800-talet. Med dette sitatet startar første kapittel i boka til Rutger Bregman, ein ung historikar frå Nederland - og allereie anerkjend som ein av dei mest interessante tenkarane i vår tid.

Alle milepålar i den menneskelege sivilisasjon har éin gong vorte sett på som utopiske fantasiar: frå avskaffing av slaveri til stemmerett for kvinner. I middelalderen drøymte dei om "Slaraffenland" - landet som flaut over av mjølk og honning, der elvane var fylt med vin, pannekaker vaks på tre, bakverk datt ned frå himmelen og folk var for opptekne med å festa, dansa og drikka til å krangla med kvarandre.

På mange måtar lever me i den vestlege verda i middelalderen sitt Utopia. Me har ei velstand dei som levde nokre generasjonar før oss berre kunne drøyma om. Betyr det at tida for dei visjonære tenkarane og utopiske draumane er forbi?

Problem i Slaraffenland

Trass i at det store fleirtalet av våre forfedre ville ha gnidd seg i auga og klype seg i armen viss dei plutseleg



hamna midt i moderne gater med all verdas framkomstmiddel, teknologi, mat og drikke overalt, har me framleis store utfordringar i "Slaraffenland". På mange måtar er det eit dystert paradís me lever i. Utslepp av klimagassar er på kollisjonskurs med klimamåla og framleis lever mange menneske i svolt og fattigdom. Angst, depresjon og utbrentheit rammar stadig fleire i vår del av verda, særskilt unge. Trass

i all verdas kommunikasjonskanalar kjenner kvar tredje student i Noreg seg einsam. Kanskje manglar mange fellesskapskjensle og mening?

Tre løysingsforslag

Bregman utfordrar oss som allereie har alt til å tenka større og sikta mot nye utopiar. Kvifor jobbar me like mykje som for 40 år sidan sjølv om rikdomen aukar? Kvifor har me ikkje klart å løysa fattigdomsutfordringane verken globalt eller her heime? Boka tek for seg tre løysingsforslag til desse utfordringane: borgarløn, femten timars arbeidsveke og opne landegrenser.

Alle som av ulike grunnar ikkje maktar å møte samfunnets krav til arbeidskapasitet, hamnar i dag i det Bregman skildrar som eit sosialsystem der det verste av to politiske verder møtest: venstresida sitt overformynderi og høgresida si mistenkeleggjering. Resultatet vert at dei som er avhengige av sosial stønad vert stigmatisert og handsama som om dei både er late og ikkje veit sitt eige beste. Bregman viser til ei rekke studiar som alle konkluderer med at det er mykje betre å gje «gratis» pengar til alle, utan at nokon legg seg oppi korleis pengane vert brukt. Det er til

Lever vi i Slaraffenland? Pieter Bruegel den eldre maleri av det innbilte, men slett ikke uproblematisk, lykkelandet, fra 1567.



«Me har ein velstand dei som levde nokre generasjonar før oss berre kunne drøyma om.

og med lønsamt. Bregman hevdar at tida er moden for at utopien om borgarløn vert til verkelegheit, og kanskje har han eit poeng? Kor ofte møter ikkje me som er miljøengasjerte på argumentet om at naturødeleggende prosjekt er naudsynte på grunn av arbeidsplassar? Er ikkje dette eit av hovudargumenta mot utfasing av fossilindustrien? Kanskje er ideen om borgarløn moden også frå eit miljøperspektiv.

Borgarløn betyr ikkje at ingen skal jobba, eit motargument ideen ofte vert møtt med. Bregman peiker på at dei færraste som vinn i lotto, sluttar å jobba av den grunn - men treng me jobba så mykje? Å vera travel - kanskje for travel - har på mange måtar blitt eit statussymbol, skriv Bregman. Me blir fleire og fleire menneske på jorda samtidig som maskiner overtek stadig fleire jobbar. Burde me ikkje lengta etter meir fritid når me har moglegheita til det? Til og med John Maynard Keynes, rekna som "makroøkonomiens far", spådde i 1930 at me vil jobba 15-timars arbeidsveker i 2030. For miljøet ville ei verdsbefolkning med kortare arbeidsveker gjera underverk: me kunne

halvera CO₂-utsleppa frå heile dette hundreåret, hevdar Bregman.

Den mest oppsiktsvekkande delen

Siste del av boka handlar om opne landegrenser, og er kanskje den mest oppsiktsvekkande ideen Bregman kjem med. Me lever kanskje i middelalderens Slaraffenland, men berre eit mindretal av verdas innbyggjarar har tilgang til dette samfunnet av overflod.

Bregman hevdar at grenser er diskriminerande, og at det har blitt stadig vanskelegare å reisa mellom nasjonar - spesielt viss du er frå «feil» land. Gjennom å visa til fleire studiar tilbakeviser Bregman påstandar om at innvandrarar er terroristar, kriminelle og late, og at dei vil sjela jobbane våre, ødelegga dei sosiale samfunna våre, pressa ned lønsvåa og at dei aldri vil reisa tilbake til heimlanda. Tvert i mot hevdar han at opne grenser verda over ville føra til at heile verda blir dobbelt så rik, og tilføra verdsøkonomien 65 trillionar dollar! Denne ideen er kanskje ikkje like relevant for miljøet, men likevel spennande lesnad.

For å oppsummera: Behovet for arbeidsplassar er trumfkortet som rettferdiggjør dei fleste miljøskadelege verksemdar, nesten uansett kor ille dei er - frå naturødeleggende gruveindustri til fossilindustrien. Kan borgarløn og kortare arbeidsveker vera løysinga? «Utopia for realister» er ei forfriskande, humoristisk og lettlesende bok for alle som er lei av dystre framtidsutsikter.

Rutger Bregman
Utopia for realister
Spartacus forlag, 2017

Synnøve Kvamme er fylkessekretær for Naturvernforbundet i Hordaland.

Lys

Når beveget du deg sist i stummende mørke?

TEKST

HONORIA BJERKNES HAMRE

For nålevende mennesker er mørket fraværende, det gjelder særlig de som bor i byer. Så snart det naturlige lyset forsvinner om kvelden blir elektrisk lys slått på, inne og ute. I det siste er det blitt større interesse for hvordan alt dette lyset påvirker oss.

De første elektriske lampene kom i siste halvdel av 1880-årene. Alle de utallige tidligere generasjonene måtte klare seg med lys fra bål og fra oljelamper og stearinlys. Ute brukte de fakler for å finne veien. Innendørs samlet folk seg under oljelampen der de pratet og drev med håndarbeid. Jeg har funnet opplysninger om tidligere generasjoner i min egen familie. De samlet seg under

rommets eneste lampe mens foreldre eller beste-foreldre leste høyt fra spennende bøker. Når de avsluttet kom kravet, da som nå, fra tilhørerne, helst barna: Les mer!

Ute ble det bekende mørkt når skumringen var over. Men i klarvær var stjernehimmelen ikke bare en lyskilde, men også et naturfenomen som kunne studeres og beundres. Enkeltstjerner og stjernebilder som danner figurer fikk navn. Og «gaten» over himmelen med hundrer av milliarder stjerner ble kalt Melkeveien. Solen vår er en bitte liten stjerne i Melkeveien.

Hvordan påvirker elektrisk lys levende organismer? Når vi mennesker er omgitt

av kunstig lys forstyrres døgnrytmen, lyset påvirker «sovehormonet» melatonin. Med mindre melatonin kan det bli vanskeligere å få sove. De fleste har erfart at insekter tiltrekkes av en lyskilde, de kolliderer med den eller svirrer rundt den til de utmattet faller til jorden. Fugler får endret oppfatning av døgnlengden når de lever i kunstig lys, både hekkesesongen og starten på dagen blir tidligere enn normalt. Plantene kan få forlenget tiden på døgnet de kan drive fotosyntese.

Vi må bli mer bevisste om de negative konsekvensene av det overflødig lyset. De som styrer utelyset må redusere antall lamper og lykter og lysstyrken



Dette bildet fra New Mexico illustrerer både hvor mektig inntrykket fra stjernehimmelen kan være, og hva lysforurensning medfører. Lyset til høyre i horisonten kommer fra delstatens største by, Albuquerque, som er litt mindre enn Oslo.

Foto: John Fowler. Under CC BY-SA 2.0-lisens. 

Vi må bli mer bevisste om de negative konsekvensene av det overflødige lyset.

i disse. Inne kan vi koste på oss en god lese- og arbeidslampe, ellers er jo dunkel belysning, kanskje med noen stearinlys, hyggelig!

Jeg vil avslutte med en stjernehimmel-opplevelse. Jeg var i Afrika og i ferd med å bestige Kilimanjaro, nesten 6000 moh. Etter flere overnattinger var vi så høyt oppe at det var kuldegrader. Vi gikk om natten i småsteinet ur, steinene frøs

sammen og ble lettere å gå på. Målet var å være på toppen i det solen sto opp.

Jo høyere vi kom jo tyngre ble det å puste. Med jevne mellomrom måtte vi slenge oss ned på bakken for å få pusten tilbake. Når vi lå der i den tynne luften nær toppen av Kilimanjaro kikket vi opp på himmelen. Synet var vidunderlig! Vi så myriader av stjerner, de dekket nesten hele den mørke himmelen, og de

føltes så nær at vi nesten kunne ta på dem! Soloppgangen over det afrikanske landskapet var storartet. Men det er stjerne-opplevelsen jeg husker best fra oppstigningen til Kilimanjaro!

Honorias Bjerknes Hamre er medlem i Naturvernforbundet i Hordaland.



Plasten finner du i

veikanten



Naturvernforbundet
Hordaland



RAGN SELLS
En del av kretsløpet



Obs



Austheim
Sjone hordaland, hordaland

F
Bergen og Jæren
Fylkesråd

TAKK for at du rydder
i ditt nærmiljø. Det hjelper!

skogen

langs stranda

i sjøen



BERGEN
KOMMUNE



Øygarden kommune



FJELL KOMMUNE



Osterøy
kommune



EIDFJORD KOMMUNE



Sund Kommune
21 finne lagningar i lag



KVINNHHERAD
KOMMUNE

Ikkje ta insekta for gitt

Insekta er viktige for oss, men mange insekt er i alvorlege vanskar, fordi dei mister habitat.

TEKST

HALVARD SKJÆVELAND BIOLOGSTUDENT I PRAKSIS HOS
NATURVERNFORBUNDET HORDALAND



Første onsdag i februar arrangerte Naturvernforbundet «Naturleg onsdag» på Kirkens Bymisjon Krohnhagen kafé og veksthus, og over 50 møtte fram. Vi hadde gleder av å invitere Anne Sverdrup-Thygeson til å kaste lys over den viktige insektdebatten. Sverdrup-Thygeson er professor i bevaringsbiologi på Institutt for Naturforvaltning ved NMBU, og er aktuell med boka *Insektenes planet: Om de rare, nyttige og fascinerende småkrypene vi ikke kan leve uten*.

Treng vi insekta?

Sverdrup-Thygeson stilte og gav oss svar på nokre interessante spørsmål: Kva er insekt? Kvifor treng vi dei? Korleis går det med dei? I løpet av føredraget fekk vi høyre kor viktige insekta har vore både reint økologisk sett, og at dei har hatt ei stor rolle for oss menneske opp gjennom historia. Blant anna var det ei lita raud lus, frå Mexico (cochenillelus) som gav oss det raude fargestoffet karmin og sørga for både raude klede og raudmåling i Norge frå 1700-tallet.

Anne Sverdrup-Thygeson er aktuell med boka *Insektenes planet: Om de rare, nyttige og fascinerende småkrypene vi ikke kan leve uten*.



Insekta gjer gratistenester for oss. Men me kan ikkje ta dei for gitt.
Foto: Bob Rayner, under Creative Commons BY-SA 2.0-lisens.

Føredraget til Sverdrup-Thygeson skapte stort engasjement i salen og det resulterte i ein god diskusjonsrunde og det vart lagt fram mange gode spørsmål og innspel. Det var synleg at mange av deltakarene fekk seg ei og anna aha-oppleving.

Ingen kaffi utan bier

Insekta utgjer omtrent to tredjedelar av alt liv på jorda, basert på mengd. Insekta er viktige vaktmeistarar og Sverdrup-Thygeson fortel at dei fungerer som tannhjul i naturen.

Insekta står for pollinering av planter, spreiring av frø, og forbetrar jordsmonnet då dei bryt ned organisk materiale som møk, daude dyr og planterestar. Insekta dannar livsgrunnlaget for høgare organismar. Når talet på insekt går ned er det ikkje nok mat til fuglar, pattedyr og krypdyr. Dersom insekta ikkje gjer jobben sin vil naturen slik vi kjenner den, klappe saman (Eriksen, Gulbrandsen, & Nilssen, 2019). Då det er insekta som syter for befruktinga i

planteriket og sikrar genetisk variasjon (som blant anna gjev store saftige frukter) er vi av reint egoistiske grunnar nøydd til å ta vare på dei. Utan bier vert det ingen jordbær om sumaren og kaffi om morgonen.

Vidare seier Sverdrup-Thygeson at menneska har tatt insekta sine gratistenester for gitt i lang tid. Insekta er sentrale for ei rekkje funksjonar som vi menneske er heilt avhengig av. Gjennom intensiv arealbruk, sprøytemidlar, flytting av artar og klimaendringar risikerer vi no å endre forholda så mykje og så raskt at sjølv om naturen er tilpassingsdyktig, vil insekta slite med å leve som før.

Døyr i rekordfart

Veka etter besøket av Sverdrup-Thygeson vart det publisert ein rapport i tidsskriftet Biological Conservation som underbygde det Sverdrup-Thygeson formidlar i boka si. Rapporten (Sánchez-Bayo og Wyckhuys, 2019) byggjer på over 70 historiske innrapporteringar om


nedgang i insektsbestandar frå heile verda dei siste tretti åra. Forskarane bak den ferske rapporten teiknar på ingen måte noko hyggeleg bilete av kva som vil skje dersom insekta døyr ut.

Ifølgje rapporten fell bestanden av meir enn 40 prosent av verdas insektartar og ein tredjedel av alle insekt er utryddingstruga. Insekta forsvinn med ein fart som er åtte gongar raskare enn for pattedyr, fuglar og reptilar.

Mistar habitat

Rapporten sin hovudkonklusjon er klar; Vi menneske tek for mykje plass! Hovudårsaka til nedgangen er tap av habitat, spesielt i industrialiserte land, som følgje av ei internasjonal intensivering av jordbruket med bruk av plantevernmidlar og kunstgjødning (Sánchez-Bayo & Wyckhuys, 2019). Ifølgje rapporten er avskoging, urbanisering, klimaendringar og auke og spreiring av framande artar medverkande til tilbakegangen.

Snakk med barn og unge om kor viktige insekta er for oss.
Foto: Erlend Birger Hatteberg, under Creative Commons BY-SA 2.0-lisens.



Så er spørsmålet; er det noko vi kan gjere for å stogge utviklinga?

Då det i hovudsak er arealendringar som er skuldig i insektsdøen er det politikarar som ber det største ansvaret for å redde naturmangfaldet. Dei må sørge for å stogge utbygginga og leggje til rette slik at landbruk og næringsliv får mogelegheita til å gjere dei rette tiltaka.

Landbruket må legge til rette

Berre tre prosent av Noreg er dyrka mark, difor utslettar heldigvis ikkje norsk landbruk insekta i same skala

som det omfattande, industrialiserte landbruket i mange andre land. Lene Liebe Delsett, biolog i Sabima, seier at norske bønder likevel kan bidra meir til at blomsterengene ikkje forsvinn. I 2019 er det sett av nærare 33 millionar kroner til bevaring av utvalde kulturlandskap i jordbruket (Landbruks- og matdepartementet, 2019). Sabima føreslår å auke frå 46 til 100 slike område. Noregs Bondelag hevdar at dei er opptatt av å legge til rette for meir beiting, slik at kulturlandskapet vert halde i hevd (Fjeld, 2019).

Å hindre at kulturlandskapa vert

attgrodd er viktige tiltak, men ein må òg syte for insektsmat i beitemark og omkring åkrane. I Buskerud, til dømes, har foreininga La humla suse, med støtte frå Landbruksdirektoratet, starta eit pilotprosjekt der det vert planta blomsterrike kantsoner og korridorar rundt dyrka mark for å betre kår til humler og pollinerande insekt (Mentzoni, 2018). Slike kantsonar og korridorar gjev dessutan betre livsgrunnlag for fuglelivet (Blankenberg & Skarbøvik, 2017).

Lene Liebe Delsett oppfordrar både Statens vegvesen og park- og hageeigarar til å bruke stadeigne plantefrø, slik at vi slepp at framande artar fortrengr både insekt og andre plantar (Fjeld, 2019). Å verne om «grøne lungar» der ein bur er viktig. Ho seier at «insekta treng korridorar for å kunne forflytte seg mellom «øyane» og for å kunne formeire seg og bevege seg over lengre strekningar».

«Å hindre at kulturlandskapa vert attgrodd er viktige tiltak, men ein må òg syte for insektsmat i beitemark og omkring åkrane.

Byggjeland må vike

Forskarane Gaute Velle og Marte Haave seier i eit debattinnlegg i Bergens Tidende 21. mars 2019, at berekraft og samfunnsutvikling må gå hand i hand. Fordi arealendringar er det «største trugsmålet mot biologisk mangfald, er det klokt og heilt naudsynt å la byggjeland vike for klimamål og insekt», seier dei (Velle & Haave, 2019). Dessverre ser det ikkje ut til at politikarane våre har forstått alvoret og dei gjer ikkje ein tilstrekkeleg innsats for å snu denne utviklinga. Sidan regjeringsskiftet i 2013 har talet på plan- og bygningssaker som går i favør av naturmangfaldet sunke frå 56 til 20 prosent, ifølgje Sabima (Karlsen, 2019).

Gløym grasklippen og framsnakk insekta

Både Delsett og Sverdrup-Thygeson oppfordrar folk flest til å bidra med rotete hagar med daude tre, markblomstrar og blomar som blømer frå vår til haust. La eit gammalt tre stå igjen, seier Delsett til NRK (Fjeld, 2019). «Graset kan klippast sjeldnare. Plant fleire frukttre og bærbuskar, alt med pollen og nektar er bra. Unngå giftige insektmiddel heime i hagen, på balkongen, på hytta eller i åkeren», oppfordrar bokforfattaren.

Sverdrup-Thygeson ber oss òg om å framsnakke insekta! Ein kan spørje seg; ER det slik at bier stikk og kvifor gjer dei det? Kva er pollinering? Og kva har pollinering å seie for oss menneske? Snakk med barn og unge om kor viktige insekta er for oss. Forklar at utan insekta vert det lite mat på bordet. Ver nysgjerrig på småkryp, lær barna alt det rare og interessante insekta gjer. Inspirer barna til å ta vare på bier og andre insekt, bygg insekthotell.

Einkvar kan gjere noko, men eit stort ansvar kviler på politikarane våre. Dei må ta kloke val og satse på framtida. Vi må gjere plass til dei aller minste og viktigste i verda, insekta.

«Ver nysgjerrig på småkryp, lær barna alt det rare og interessante insekta gjer.

KJELDELISTE

Sverdrup-Thygeson, Anne, and Sverdrup-Thygeson, Tuva. Insektenes Planet : Om De Rare, Nyttige Og Fascinerende Småkrypene Vi Ikke Kan Leve Uten. Oslo: Stenersens Forl, 2018. Print.

Blankenberg, A.-G. B., & Skarbøvik, E. (2017). Kantsoner - Nibio. NIBIO. Retrieved from <https://www.nibio.no/tema/miljo/tiltaksveileder-for-landbruket/tiltak-mot-vannforurensning-fra-landbruket/tiltak-mot-vann-forurensning-fra-landbruket/buffersoner-som-rensfilter>

Eriksen, N., Gulbrandsen, L. O., & Nilssen, N. S. (2019, February 12). Insektenes forsvinner i vanvittig tempo:- En katastrofal kollaps - Dagbladet. Retrieved from <https://www.dagbladet.no/nyheter/insektenes-forsvinner-i-vanvittig-tempo--en-katastrofal-kollaps/70754770>

Fjeld, I. E. (2019, February 13). Ny stor rapport: Insekter utryddes i voldsom fart – truer hele naturens overlevelse – NRK Norge – Oversikt over nyheter fra ulike deler av landet. NRK. Retrieved from https://www.nrk.no/norge/ny-stor-rapport_-insekter-utryddes-i-voldsom-fart--truer-hele-naturens-overlevelse-1.14427108?fbclid=IwAR0_8Q471LaL0BPCZkQ4_9iaLd6XkT6q44uFBIGWilqRxxVJzlrKlFOn2v8

Karlsen, T. (2019, February 11). Verdens insekter er i ferd med å forsvinne. <https://doi.org/10.1007/s10841-006-9053-6>

matdepartementet, L. (2019). 10 år med utvalgte kulturlandskap i jordbruket. Retrieved from https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/kulturlandskap/id2624394/?utm_source=www.regjeringen.no&utm_medium=epost&utm_campaign=nyhetsvarsel_16.01.2019&utm_content=Mat, fiske og landbruk

Mentzoni, T. (2018). Pilotprosjekt på kantsoner og grønne korridorer i jordbrukslandskapet i Buskerud i 2018 - Landbruksdirektoratet. Retrieved April 5, 2019, from <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/klimate-og-miljo-programmet/prosjekter-2013/naturmangfold-og-kulturminner/pilotprosjekt-pa-kantsoner-og-gronne-korridorer-i-jordbrukslandskapet-i-buskerud-i-2018>

Sánchez-Bayo, F., & Wyckhuys, K. A. G. (2019). Worldwide decline of the entomofauna: A review of its drivers. *Biological Conservation*, 232, 8–27. <https://doi.org/10.1016/j.biocon.2019.01.020>

Velle, G., & Haave, M. (2019, March 21). Insekter er viktigere enn olje, tro det eller ei. Bergens Tidende. Retrieved from https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/3jWQG0/insekter-er-viktigere-enn-olje-tro-det-eller-ei?fbclid=IwAR3_vqaR8UXhUdqL0UuOawNu7fYqhUj16V_gmSFvVg-siO8RMCfH0En-3uY

La humla susse!



I Noreg finst framleis alle våre opprinnelege humleartar, men fleire av dei står i fare. Du kan hjelpa dei gjennom å ha ein humlevenleg hage.

TEKST

ØYVIND STRØMMEN

Foto: Kjetil Fjellheim, under Creative Commons BY-SA 2.0-lisens.

1.

Plant godsaker for humla

Anten du har ein stor hage eller berre ein liten balkong kan du bruka plassen du har til å planta humlevenlege plantar, plantar som kan gje mat til humlene heile sesongen. Det finst ei rekkje plantesortar å velja mellom. På ein balkong kan det til dømes vera lyng, krokus, prestekrage og lavendel, i hagen kan det passa med både sommerblomstrar og villblomstrar. På nettstaden blomstermeny.no finn du plantetipsa du treng. Du kan også bli humlevenn i Naturvernforbundet (du kan lesa meir

på naturvernforbundet.no, følgjande kortlenkje er ein snarveg: <https://bit.ly/2P8Rail>). Som fast gjevar støt du Naturvernforbundet sitt arbeid, samstundes som du får frø til humlevenlege plantar tilsendt i posten.

2.

Unngå sprøytemiddel

Det er ikkje naudsynt med gift i hagen. Mange sprøytemiddel inneheldt stoff som påverkar humler negativt, og kan enten drepa dei eller svekka retningssansen deira. Sprøytemiddel kan også vera skadelege for andre dyr, som fuglar, små pattedyr og amfibiar. Unngå sprøytemiddel, og ønsk humla velkomen!

3.

La det veksa vilt i hagen!

Humla er avhengig av mange av dei ville plantane som veks naturleg i norsk natur. Det gjeld til dømes for seljetreet, som blømer tidleg på våren, og som er ein viktig matplante for både humla og andre pollinerande insekt. Kløver, blåklokker, ertebloomstrar, tistlar, revebjelle og mange andre ville blomstrande engplantar er blant humlene sine favorittar. Hageeigarar kan dermed gje viktige bidrag til det biologiske mangfaldet gjennom å la det veksa litt vilt i hagen, både med løvetann og «ugras».

4.

Lag ei humlekasse / humlehotell

Sett opp humlekasser i eit bortgøymd hjørne i hagen, så kan du gjera ei humledronning glad når ho tidleg på våren er ute og leiter etter ein ny heim til humleslekta si.

Greta Thunberg rettar med rette ei anklage mot vaksengenerasjonen. Det gjer henne ikkje til ein domedagsprofet.

Foto: Anders Hellberg, under Creative Commons BY-SA 4.0-lisens.



Eit forsvar for ungdomen

TEKST

ØYVIND STRØMMEN

Greta Thunberg er «anklagende og apokalyptisk», skreiv Kathrine Jebsen Moore i Minerva attende i mars. Det fyrste er sant – Thunberg rettar i høgste grad ei anklage mot vaksengenerasjonen og mot politikarar. Men kva med det andre? Er det domedag Thunberg frykter? Og er det det klimastreikande ungdomar landet rundt og i mange andre land er uroa for?

Påfallande mange på høgresida ser ut til å ha vald seg dette snakkepunktet: at det handler om domedagsfrykt. Det er neppe eit resultat av ei samansverjing. Spør du meg, er det eit resultat av dårleg tenking. Men også av at konservatismen har slutta å vera konservativ.

Uro for domedag, eller uro for framtida?

Det er riktig – som Moore skriv – at Thunberg ved fleire høve har stilt spørsmål om kvifor ho skal studera «for en fremtid som snart ikke er

mer, når ingen gjør noe for å redde den fremtiden». Det gjer ho også i eit føredrag gjort tilgjengeleg som ein såkalla TED-talk. Sjølv om Thunberg er langt frå humørlaus, er det ei dyster tale. Det er også ei tale prega av svart-kvit-tenking, noko ho sjølv gjer eit poeng av. Sjølv knyter ho dette til si aspergersdiagnose. Eg vil påstå at svart-kvit-tenkning er ungdomens privilegium.

Men er det domedag ho fryktar? I TED-tala snakkar ho også om si eiga framtid. «I 2078», seier ho, «vil eg feira min 75-årsdag. Dersom eg har barn eller barnebarn, vil dei kanskje tilbringa dagen med meg. Kanskje vil dei spørja meg om dykk, folka som var her, attende i 2018. Kanskje kjem dei til å spørja kvifor de ikkje gjorde noko, medan det framleis var tid. Det me gjer eller ikkje gjer no, vil påverka heile livet mitt, og liva til borna og borneborna mine. Det me gjer eller ikkje gjer nett no, kan

ikkje gjerast om av min generasjon i framtida».

Det ligg sjølv sagt ei anklage der. Men det er ikkje ein uro for domedag Thunberg formidlar. Det er ei uro for framtida.

«Når barn frykter dommedag, bør voksne fortelle dem sannheten», heiter det i Moore si overskrift. Eg vil setja fram eit alternativ: Når born fryktar for framtida, bør vaksne høyra etter. Ikkje avfeia dei. Ikkje vera så opptekne av kor store bokstavar dei snakkar med. Ikkje prøva å snakka det heile vekk. Ikkje ein gong svara med at ungdomsopprøret gjev oss håp, slik ein del urolege vaksne gjer: Det er ikkje born og unge si oppgåve å gje oss håp. Det er vår oppgåve å gje dei håp.

Vanskeleg å ikkje høyrast ut som ein alarmist

Skal me snakka om sanninga? Sanninga er at det ikkje berre er born som urolege. Den uroa Thunberg uttrykker er ikkje berre hennar. Den er å høyra frå klimaforskarar. Ein kan finna den uroa i FN-rapportar. Eg kjenner på denne uroa sjølv. Klimaendringane er ikkje lenger ei moglegheit som vert diskutert på TV, slik eg hugsar frå min barndom. Klimaendringane er synlege. I dag.

Om når ein skal snakka om dei moglege konsekvensane av dei, og snakka sant, er det vanskeleg å ikkje høyrast ut som ein alarmist.

alvorlege konsekvensar, og som på ny understrekar at eksisterande fattigdom vil verta *forverra*.

Poeng nummer to: Blar ein om ei side, kan ein lesa at 450 millionar fleire menneske vil oppleve ei dobling i talet på flaumar, og flaumrisikoen globalt vil auka monaleg. På den andre sida vil fleire også oppleve tørke og vassmangel, og kystbefolkninga vil måtte bera konsekvensane av tapte korallrev.

I trygge, rike Noreg slepp me billegare unna. Men dette vil sjølvsagt ha konsekvensar også for oss: Ei slik utvikling vil føra fleire menneske på flukt, det vil føra til fleire ressurskonflikter. Det vil leggja grobotn for fleire krigar. Og det heile vil kunna styrka oppslutninga til ekstreme rørsler. Verda er ikkje større enn at Noreg vil merka det.

Du trur me såg ei flyktningkrise for nokre år sidan? Du er uroleg for den sosiale berekrafta ved for høg innvandring? Kva med å vurdere kva som vil bli framtidens migrasjonsdrivar?

Desse skildringane er ikkje apokalyptiske. Dette er det ein kan forventa dersom me når 1,5-gradersmålet. Det er tiltak for å nå dette målet klimastreikande ungdom etterlyser på plakata sine, og når dei faktisk får snakka ut i intervju.

Og problemet er sjølvsagt dette: Verken norsk politikk eller internasjonal politikk styrer i dag i retning dette målet. Då vert konsekvensane verre, og framtidens utfordringar større. Det er ikkje rart at ungdom er forbanna.

Ein appell til konservatismen

Bård Larsen i Civita sin kritikk har ikkje vore retta mot ungdomen, men mot kulturfolka og akademikarane som stilte seg bak Extinction Rebellion si opprørserklæring, ei erklæring som også fekk både næringsminister Torbjørn Røe Isaksen og Minerva-redaktør Nils August Andresen til å reagere.

Og eg kan forstå reaksjonen. Eg finn erklæringa deira trøblete på fleire punkt.

Larsen omtaler det som «revolusjonært, venstreradikalt og apokalyptisk» (apokalypse no igjen!). Mitt problem er eit anna, nemleg at retorikken opnar døra på gløtt for anti-demokratiske idear. Det er ei dør miljørørsla må halda stengt. Som grøn politiker er også dette ein del av uroa mi: at klimaendringane, etter kvart som dei blir verre, skal føra til mistru mot det liberale demokratiet, til draumar om autoritære løysingar og til rop etter sterke menn. Eg har vorte kalla «revolusjonær» sjølv også, fordi eg meiner at det må takast omfattande og radikale grep i møte med klimakrisa. Sanninga er at eg er ein uroleg liberal demokrat.

Kvar vart det av konservatismen?

Eit av dei mest kjende konservative munnhella er Edmund Burkes «forandra for å bevare». I møtet med klimakrisa, kvar er det munnhellet? Kva er det me skal forandra? Kva er det me skal bevare? Kvar er den konservatismen som skjøna at me må leggja band på oss, for å ta vare på det som er viktigast for oss?

Kvar er den konservatismen som i dag tar innover seg kor dramatiske dei potensielle konsekvensane av klimaendringane faktisk er, kor grunnleggjande dei kan kasta om på samfunna våre, korleis dei er eit trugsmål mot både sosial og økonomisk berekraft, og ikkje berre den økologiske? At dette også medfører eit trugsmål mot det liberale demokratiet som er større enn uheldig retorikk frå nokre professorar eller ungdom som snakkar i svart og kvitt?

Greta Thunberg har starta eit ungdomsopprør for klimaet si skuld. Det er ei bragd. Ho snakkar i store bokstavar. I blant er dei for store. Det er mange av oss som heller snakkar i små. Ofte vert dei for små. Og det er det som er det eigentlege problemet. Det er det som gjer at ungdom har rett i å koma med anklager mot oss.

Øyvind Strømmen er redaktør for Naturvest, og fylkestingspolitiker for Miljøpartiet Dei Grøne. Ei utgåve av denne teksten er tidlegare publisert i Minerva.

«Verda er ikkje større enn at Noreg vil merka det.

Eg skal ta eit døme. Det er henta frå den nyaste rapporten frå FN sitt klimapanel, ein rapport som her til lands drukna i nyhende om regjeringa sitt utkast til statsbudsjett, og deretter i diskusjonar om kva for veg Kristeleg Folkeparti skulle velja. Den aktuelle rapporten – ein spesialrapport om kva konsekvensar global oppvarming på 1,5 grader vil ha – kan omtalast som endå ein vekkjar. Berre det å bla litt i han, og lesa ein del artikkelar som samanfatta innhaldet, var nok til at klimapessimismen seig inn over meg. Men lat meg peika til nokre poeng i rapporten, poeng det er verdt å dvela med.

Poeng nummer ein: Konsekvensane av global oppvarming på 1,5 grader vil særleg merkast av utsette og sårbare menneske, av fattige menneske. Det vert peikt på klimapanelet sin tidlegare konklusjon: Klimaendringar vil føra til auka ulikskap. FN-rapporten syner til klasse, til kaste og til kjønn. Og så syner han til ny forskingslitteratur som understrekar at fattige vil oppleve



Sirkeløkonomi

Utfordringa rundt klima og miljø handlar om korleis vi nyttar naturressursane. Sirkeløkonomi er å ta vare på ressursane ved å halde dei i krinslaupet. Vi sparer energi, og vi sparer naturen.

Du er viktig!

For å lykkast, kan du bidra med:

- å hindre at avfall oppstår
- å bruke om att
- å sortere til gjenvinning

Vil du vite meir, eller har du spørsmål, sjå ihm.no eller ring IHM på tlf. 56 52 99 00.



IHM

Indre Hordaland Miljøverk

På naturen si side

skyss.no



Foto: Fred Jonny

Reis miljøvennleg!

Reis kollektivt og bidra til eit bedre miljø. Last ned appen «Skyss reise» eller gå inn på **skyss.no** for å planlegge reisa.

Spar miljøet – reis kollektivt! God tur!

skyss



Hva gjør du hvis du møter en vill oter?



1. Spill død
2. Ta en selfie
3. Tell den

For ordens skyld: Oter er ikke farlige – verken i det fri eller på Akvariet. Derimot vet vi ikke helt hvor mange det er av dem eller om bestanden øker eller minker. Derfor er det supert hvis du hjelper til med å telle dem! Ser du en oter i det fri (eller er uheldig å få en i fiskeredskap) kan du rapportere det på artsobservasjoner.no.

Mens du venter på å treffe på en ute i naturen, kan du møte våre to lekne oterkrabater så ofte du vil på Akvariet i Bergen.



AKVARIET
I BERGEN

akvariet.no

ÅPNINGSTIDER: 1. mai – 31. aug: Alle dager **09-18** (Stengt på 17. mai)

Vi hjelper deg å bytte oljefyren med fornybar varme.

energismart

Energismarte valg sparer miljøet og klimaet.

Finn energitiltak på energismart.no.

Miljøgifter finst i meir enn du trur.
Hugs å sortere riktig.

sortere.no

 ngir.no


prøvekjør.no

Prøv elsykkel i fem dager!
Bestill på nett. Hent i butikk.

provekjore.no **BERGEN | ASKØY**

Franzefoss Demotering

Tett på

Huskeliste:
- Rydde plassen
- Rikke busser
- Rasse søppel i spesial
- Rytte opp

BESTILLE CONTAINER!!!
74 55 34 92 00

Vi leverer containere til deg når du trenger det. Og henter den igjen når du vil. Raskt og rimelig.

www.franzefoss.no Igjen og igjen og igjen...


MILJØVENNLIG AVFALLSLØSNING FOR BEDRIFTER

I samarbeid med Retura hjelper BIR Bedrift din virksomhet med å sikre sin miljøinnsats.

Vi tilbyr:

- Ryddecontainer for privatpersoner
- Beholdere, containere m.m for bedrifter
- Påkobling på bossnettet i Bergen sentrum for bedrifter
- Nedgravde avfalls løsninger
- Rådgivning og skreddersydd løsning tilpasset din virksomhets behov

Ta kontakt for rådgivning, avfalls løsninger og containerutleie:
55 27 70 50. www.birbedrift.no

 **SIM**



Tenk miljø – brems forbruket!

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKK | Svartasmoget, N-5419 Fitjar | Telefon: 53 45 78 50 | Telefaks: 53 45 78 60 | E-post: sim@sim.as | www.sim.as

Først ute med egen tiltaksplan mot plast og marin forurensning:



I uke 3 2018 ble det samlet opp 4 kg flytende plast i "Slurpen" - en PortBin som er utplassert ved Torget i Vågen, Bergen.

Bergen skal være en aktiv pådriver for strandrydding, et hav uten plast, mikroplast og miljøgifter.

Takk til alle som rydder opp i naturen!



BERGEN
KOMMUNE

GRØNT PUNKT

VINN OPPTIL
100.000,-
HUNDRE TUSEN KRONER!
NOK TIL Å FULLEØRE
ET PROSJEKT

BLI MED PÅ
RETURKARTONG-
LOTTERIET!

LES MER PÅ
www.grontpunkt.no

Rg
Revisorgruppen

Hør du et **grønt** produkt?



Nå «grønne forbrukere» i Hordaland,
annonser i Natur Vest!

Kontakt Sverre på sverre@gmk.as for annonse i Natur Vest
eller på nettsidene til Naturvernforbundet

B-BLAD

retur: Naturvernforbundet Hordaland
co/ Medlemsregisteret
Naturvernforbundet
Mariboesgt. 8, 0183 OSLO

ETTERSENDES IKKE VED VARIG ADRESSEENDRING, MEN SENDES TILBAKE TIL AVSENDER MED OPPLYSNINGER OM DEN NYE ADRESSEN

Naturvernkalenderen 2019

Oversikt over noen natur- og miljørelaterte arrangement framover.
Besøk www.naturvernforbundet.no/hordaland for mer informasjon.

MAI

Prøvekjør el-sykkel 11. MAI 12-16

FESTPLASSEN

Ta en tur rundt Lille Lungegårdsvann på el-sykkel - gratis!

Støttemarkeringer for bevaring av kyst og fjell mot vindkraft 12. MAI 11-15

BERGEN, FLØYEN kl. 13:00-15:00

Påmelding her: <http://bit.ly/>

StøttmarsjFløyen

VOSS, NESHEIMSTUNET kl. 12:00-14:00

MASFJORDEN, STORDALEN, VED

SKITREKKET kl. 11:00-15:00, deretter samling i Stordalen fjellstove

Folkemøte om Hordfast og E39

14. MAI STORD

Hordfast er et tapsprosjekt for natur og klima. Bli med på folkemøte på Stord!

Følg med på nettsiden vår for mer informasjon.

Åpning av plastutstilling 21. MAI 18-21

HERDLA MUSEUM, ASKØY

Hva skjer med plast på avveie og hvorfor er det et problem? Det blir foredrag, musikalske innslag og noe å bite i.

JUNI

Naturlig onsdag 5. JUNI 19 – 21

KROHNHAGEN KAFÉ OG VEKSTHUS

Tema lanseres på nettsidene våre og i nyhetsbrev.

HØSTEN 2019

Det blir Naturlig onsdag 4. september, 2. oktober, 6. november og 4. desember. Følg med på nettsidene våre og nyhetsbrev for flere aktiviteter.

Følg med!

Nyhetsbrev:

<http://eepurl.com/72RMf>

Søk etter *Naturvernforbundet Hordaland* på

- Facebook
- YouTube
- Instagram



Bli frivillig!

Les om hvordan du kan engasjere deg: bit.ly/aktiv-1914

Faggrupper:

- Klima og transportgruppen
- Naturmangfoldsguppen
- Bygg- og energigruppen
- Visjonsguppen

Lokallagene jobber med natur, miljø og klimasaker i sine nærmiljø. I Hordaland har vi lokallag på Askøy, i Bergen, Kvam, Kvinnherad, Nordhordland, Stord og på Voss.

Du kan også bidra med din kompetanse i NaturVest eller i holdningsskapende arbeid.

Andre aktive grupper:

- Miljøagentene
- Natur og ungdom
- Naturvernstudentene

Tips til saker sendes til:
naturvest@naturvernforbundet.no